



Saima spelar under ei øving

2 uskedelinger har denne sommaren delteke i musikkskule på Karmøy folkehøgskole og både dei og foreldra er svært godt fornøgde med kva dei unge har lært. Dei 2 er Saima Kristine Døsland som spelar fiolin og Nils Rainer Vågen som spelar baryton. Sommar-musikkskulen for strykarar hadde 51 deltakarar frå 10 til 16 år og det var 13. gongen han vart avvikla. Ei velegna ramme er eindel av forklåringa på at De unges orkesterforbund kjem att år etter år.



Nils Rainer frå Uskedalen og romkamerat Vebjørn frå Stavanger

Deltakarane kom frå heile Haugalandet, Sunnhordland, Stavanger, Sandnes, Jæren og Kristiansand. Skulen handlar om mykje meir enn musikk sjølv om det var konsentrasjon om det faglege. Det sosiale var vel så viktig.

Dei unge vart kjende med kvarandre og knytte vennsksbands. Dei daglege øvingsøktene vart avslutta med huskonsertar. I helga fekk eit større publikum høyra kva elevane hadde tileigna seg av kunnskap og ferdigheit.

Det var konsertar i Haugesund og Tysvær - i den siste staden var Grunnlovsjubileet tema.

Det var 42 deltakarar i janitsjarskulen men berre Nils Rainer (10 år) frå Uskedalen. Dette kurset vart avslutta i dag.

Her kan de sjå bilete og lesa om kva Karmøynytt skriv om dette kurset:

<http://www.karmoynytt.no/2014/08/13/trollunger-pa-leir/> Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Sindre Lyslo, Edle Lomheim og Anja Strüter



Avslutninga i Tysvær var ei stor oppleving